

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/11758-1

### **Revidering av reglementa for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala m.m.**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Reglementet for fylkestinget vert vedteke i samsvar med vedlegg 1.
2. Reglementet for sakshandsaming i politiske utval vert vedteke i samsvar med vedlegg 2.
3. Reglementet for fylkesutvalet vert vedteke i samsvar med vedlegg 3.
4. Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur vert vedteke i samsvar med vedlegg 4.
5. Reglementet for hovudutvalet for samferdsle vert vedteke i samsvar med vedlegg 5.
6. Reglementet for hovudutvalet for opplæring vert vedteke i samsvar med vedlegg 6.
7. Reglementet for folkevalde sin innsynsrett vert vedteke i samsvar med vedlegg 7.

Vedlegg:

- 1 Reglementet for fylkestinget
- 2 Reglementet for sakshandsaming i politiske utval
- 3 Reglementet for fylkesutvalet
- 4 Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur
- 5 Reglementet for hovudutvalet for samferdsle
- 6 Reglementet for hovudutvalet for opplæring
- 7 Reglementet for folkevalde sin innsynsrett

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Samandrag**

Saka dreiar seg om revidering og vedtaking av desse politiske reglementa:

- Reglementet for fylkestinget
- Reglementet for sakshandsaming i politiske utval
- Reglementet for fylkesutvalet
- Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur
- Reglementet for hovudutvalet for samferdsle
- Reglementet for hovudutvalet for opplæring
- Reglementet for folkevalde sin innsynsrett

### **2. Bakgrunn for saka**

Som fylkesrådmannen varsla i notat til fylkesutvalet 06.05.15, er det behov for at fylkestinget reviderer ei rekkje av reglementa for dei folkevalde organa i fylkeskommunen.

Revideringsbehovet har fleire årsaker:

- Oppfølging av fylkestinget sine vedtak i sak 39/14 (politisk organisering i perioden 2015 – 2019) og i sak 31/15 (selskapskontroll 2015 – informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen).
- Endringar i kommunelova.
- Endra rettsoppfatning av spørsmålet om det er høve til å påleggje dei folkevalde teieplikt om opplysningar som kjem fram i lukka møte eller som føreligg i dokument som er unnateke offentleg innsyn.
- Den teknologiske utviklinga.

Dei aktuelle reglementa vart vedtekne av fylkestinget i 1995, FT-sak 26/95 og FT-sak 50/95. Nokre har vore revidert etterpå, andre ikkje.

Fylkestinget bør også revidere reglementet for kontrollutvalet. Dette skjer i ei eiga sak, som går rett frå kontrollutvalet til fylkestinget.

Reglementa for dei folkevalde organa må sjåast i samanheng med delegerings- og innstillingsreglementet, som fylkestinget skal revidere i 2016. Det er først og fremst det sistnemnde reglementet som gjer greie for kva for mynde det enkelte organ har.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesrådmannen går gjennom reglementa i tur og orden. Eg kommenterer berre framlegg til realitetsendringar, som er skrivne med raud skrift i dei enkelte reglementa, og dei setningane/ avsnitta eg gjer framlegg om å fjerne. Omredigeringar og reine språklege endringar vert ikkje kommentert.

Reglementet for sakshandsaming i politiske utval gjeld for alle dei folkevalde organa med unntak av fylkestinget. Reglementet for fylkestinget er såleis langt meir omfattande enn reglementa for fylkesutvalet og hovudutvala, då det også regulerer sakshandsaminga på tingseta

#### **3.1 Reglementet for fylkestinget, jf. vedlegg 1**

- ✓ **Til § 4 – Sekretariat:**

I det gjeldande reglementet er opptak med lydband omtala. Dette punktet er innhenta av den teknologiske utviklinga og bør fjernast.

✓ **Til § 5 – Møta:**

**Til a) Tidspunkt:** Fylkesrådmannen foreslår at fylkesutvalet får høve til å delegere til fylkesordføraren å fastsetje møtetidspunkt og møtestad for fylkestinget.

**Til c) Sakliste:** Når det gjeld fylkestinget sitt høve til å gjere vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista, heiter det i dagens reglement at vedkomande hovudutval og eventuelt fylkesutvalet først må gi tilråding i saka. Innstillinga må deretter liggje ute i fylkestinget i tre timar før ho vert teken opp til endeleg førehaving. Fylkesrådmannen vurderer denne prosedyren som uturvande omstendeleleg og tidkrevjande og foreslår å fjerne han.

**Til e) Varsel – innkalling:** Her er det naudsynt å gjere endringar som følgje av den teknologiske utviklinga.

**Til g) Ordskiftet:** Ifølgje dagens reglement skal møteleiaren gjere merksam på dissensar i underliggjande politiske organ og referere eventuelle dokument som er komne inn etter utsendinga av saka. Fylkesrådmannen reknar dette for å vere uturvande og foreslår å fjerne setninga frå reglementet.

**Til j) Møtebok:** Fylkestinget sitt vedtak i sak 31/15 lyd slik i pkt. 3:

«Fylkesrådmannen vert bedt om å legge fram ei sak med endring av reglement for politiske utval som sikrar at vesentleg informasjon gitt i møte vert dokumentert.

- a. Blant anna skal all eigarskapsinformasjon dokumenterast.
- b. Tema for alle munnlege orienteringar skal protokollerast.»

Fylkesrådmannen legg til grunn at det er vesentleg *munntleg* informasjon fylkestinget siktar til i det siterte vedtaket og at eigarskapsinformasjon er trekt fram som eit døme på slik informasjon.

Etter fylkesrådmannen si vurdering bør det vere større krav til å dokumentere munnleg eigarskapsinformasjon enn til å dokumentere anna munnleg informasjon. I det sistnemnde tilfellet bør det vere tilstrekkeleg at møteboka viser til tema for orienteringa og eventuelt til at skriftleg bakgrunnsmateriale er arkivert i fylkeskommunen sitt sak- og arkivsystem. Når det vert gitt eigarskapsinformasjon, bør orienteringa dokumenterast i møteboka ved bruk av stikkord og/eller ei tilvising til at skriftleg bakgrunnsmateriale er arkivert. Fylkesrådmannen reknar ein slik prosedyre for å vere overkomeleg for protokollførarane, samstundes som møteboka gjennom dette vil ivareta kontrollomsynet og ha fullgod verdi som allmenn informasjonskjelde.

For ordens skuld gjer eg merksam på at eg gjer framlegg om tilsvarande endring i reglementet for sakshandsaming i politiske utval, jf. pkt. 3.2 nedanfor.

Fylkesrådmannen foreslår vidare ei endring når det gjeld fylkestinget si godkjenning av møteboka. Tida for at fylkestinget godkjenner møteboka ved slutten av kvar tingsete etter at møtesekretæren har lese ho opp, bør vere over. I staden bør to av fylkestingsmedlemene, som fylkestinget oppnemner for kvart møte, få tilsendt møteboka elektronisk seinast to dagar etter tingseta. Dei får i oppdrag å gå gjennom møteboka og eventuelt godkjenne og underskrive ho digitalt på vegner av fylkestinget.

Eit alternativ til denne framgangsmåten er at fylkestinget godkjenner møteboka i neste møte. Ei ulempe ved denne måten å føreta godkjenninga på, er at det i tilfelle som regel vil gå fleire månader før fylkestinget formelt har godkjend møteboka. Fylkesrådmannen foreslår difor den førstnemnde modellen.

**Til k) Opne eller lukka møte:** I gjeldande reglementet heiter det at «saker merka "lukka" (ikkje offentleg) i saklista vert handsama i lukka møte». Denne formuleringa er ikkje i samsvar med gjeldande rett. Eit folkevald organ i kommunane og fylkeskommunane har berre høve eller

plikt til å lukke møtet når dette har heimel i kommunelova § 31. Det er altså ikkje utan vidare nokon samanheng mellom høvet til å unnta saksframlegget frå innsyn i medhald av offentleglova og organet sitt høve til å lukke møtet i medhald av kommunelova.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å endre reglementet i samsvar med dette. I tillegg føreslår eg å ta inn ei formulering om prosedyrereglar ved ein eventuell debatt og avrøysting om møtet skal vere ope eller lukka.

Vidare føreslår eg at reglementet omtalar kven som har rett til å vere til stades i lukka møte. For fylkesrådmannen sitt vedkomande følgjer retten til å delta i lukka møte av kommunelova § 23, nr. 3. For kontrollutvalet sin del følgjer den tilsvarande retten av kontrollutvalsforskrifta § 4. Den relevante delen av føresegna lyd slik:

«Kontrollutvalget har rett til å være til stede i lukket møte i kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer. Kommunestyret eller fylkestinget kan bestemme, i forskrift eller for ett enkelt møte, at kontrollutvalget ikke har rett til å være til stede i lukket møte i kommunestyret eller fylkestinget.»

For revisor sitt vedkomande framgår retten til å delta i lukka møte føresetnadvis av kommunelova § 78 nr. 6, medan retten for kontrollutvalssekretariatet sitt vedkomande føresetnadvis går fram av kommunelova § 77 nr. 7. Vilkåret i det sistnemnde tilfellet er at kontrollutvalet har instruert sekretariatet om å vere til stades. Fylkesrådmannen viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet si tolkingsfråsegn av 08.07.15 for meir informasjon om desse spørsmåla. Fråsegna er tilgjengeleg her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-77-nr.-7-om-tilgang-til-lukkede-moter-for-kontrollutvalgets-sekretariat/id2427214/>

Også andre – både folkevalde og tilsette – bør kunne få løyve av organet (her fylkestinget) til å vere til stades i eit lukka møte. Når møtet er lukka på grunn av teieplikt, er det berre personar som har oppgåver i samband med sakshandsaminga eller oppfølginga av vedtaket, som kan få løyve til å vere til stades.

**Til l) Teieplikt:** I reglementet heiter det i dag at «(d)ersom ei sak vert handsama i lukka møte, plikter fylkestingsmedlemene ... å teie om førehavingane og om vedtaka».

Då reglementet for fylkestinget vart vedteke i 1995, var den allmenne rettsoppfatninga at det i reglement var høve til å påleggje dei folkevalde ei såkalla instruksbasert teieplikt om opplysningar som framkom i lukka møte. Denne rettsoppfatninga vart forlate ved årstusensskiftet. Gjeldande rett er no at dei folkevalde utelukkande har teieplikt om opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov. Andre opplysningar som kjem fram i lukka møte, har dei folkevalde ikkje teieplikt om. Fylkesrådmannen sitt framlegg til endring av reglementet tek høgde for dette.

**Til m) Ugildskap – fritak:** I dagens reglement heiter det at «(m)edlemer som er ugilde ... forlet møtet dersom det er eit lukka møte».

Fylkesrådmannen føreslår å gjere denne regelen mindre kategorisk, slik at fylkestinget får høve til å vedta at den ugilde representanten ikkje treng å forlate møterommet sjølv om den aktuelle saka vert handsama bak lukka dører. Viss den ugilde representanten har ei rolle i oppfølginga av saka eller vedtaket, vil det vere føremålstenleg at vedkomande får vere til stades sjølv om han/ ho er ugild. Eg viser her til ovanstående om løyve til å vere til stades i lukka møte (Til § 5 k) Opne eller lukka møte).

**Til n) Deputasjonar:** Eg gjer framlegg om å fjerne føresegna i det gjeldande reglementet om korleis deputasjonar skal melde seg og mottakast.

✓ **Til § 6 – Nærare om ordskiftet:**

Som følgje av den teknologiske utviklinga, gjer fylkesrådmannen framlegg om nokre få og mindre vesentlege endringar om korleis representantane skal fremje framlegg til vedtak.

✓ **Til § 7 – Nærare om taletid:**

I det gjeldande reglementet er taletid utførleg regulert. Fylkesrådmannen føreslår at dette punktet vert vesentleg forenkla. Møteleiaren bør i den enkelte sak kunne ta avgjerd om avgrensa taletid for kvart innlegg. Vedkomande bør også ha høve til å avgjere at ordskiftet i ei sak skal avsluttast.

### **3.2 Reglementet for sakshandsaming i politiske utval, jf. vedlegg 2**

✓ **Til § 2 – Møteprinsippet:**

Det må gjerast ei mindre endring som følgje av endringar i kommunelova § 31, nr. 3, og i forskrifta det er vist til i føresegna.

✓ **Til § 5 – Varsel – innkalling:**

Det må innarbeidast i reglementet at saksdokumenta no vert gjort tilgjengelege elektronisk.

I dagens reglement heiter det at «(u)tvalet har også plikt til å handsame saker som nemnd i fylkestingsreglementet § 5, pkt. c, 4. ledd». Dette dreiar seg om saker som ikkje er oppført på fylkestinget si sakliste, men som fylkestinget likevel kan handsame, likevel først etter tilråding frå vedkomande hovudutval og eventuelt fylkesutvalet. Fylkesrådmannen føreslår som tidlegare nemnd (sjå kommentarane til reglementet for fylkestinget, § 5 c) Sakliste) å fjerne denne omstendelege prosedyren. Reglementet for sakshandsaming i politiske utval, § 5, må endrast i samsvar med dette.

✓ **Til § 7 –Ordsiftet:**

Fylkesrådmannen føreslår å endre reglementet i tråd med endringa eg har føreslege i reglementet for fylkestinget på dette punktet, jf. over i § 5 g) Ordsiftet.

✓ **Til § 10 – Møtebok:**

Eg viser til omtalen ovanfor av den føreslegne endringa av reglementet for fylkestinget.

✓ **Til § 11 – Opne eller lukka møte:**

Eg viser til omtalen ovanfor av den føreslegne endringa av reglementet for fylkestinget og gjer framlegg om nesten identisk ordlyd i reglementet for sakshandsaming i politiske utval.

✓ **Til § 12 – Teieplikt:**

Eg viser til omtalen ovanfor av den føreslegne endringa av reglementet for fylkestinget.

✓ **Til § 13 – Ugildskap – fritak:**

Eg føreslår same ordlyd som i reglementet for fylkestinget, med unntak av at «fylkestinget» vert erstatta av «utvalet».

✓ **Til § 14 – Deputasjonar**

Eg gjer framlegg om å fjerne dette punktet, jf. over om deputasjonar for fylkestinget (§ 5 n Deputasjonar).

### 3.3 Reglementet for fylkesutvalet, jf. vedlegg 3

#### ✓ Til § 1 – Val og samansetnad

I FT-sak 39/14 vedtok fylkestinget at hovudutvalsleiarane ikkje skal vere medlemmer i fylkesutvalet. Denne føresegna bør takast inn i § 1 i reglementet for fylkesutvalet.

I den same saka vedtok fylkestinget at fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren ikkje skal vere medlemmer av noko hovudutval. Dette bør framleis kome til uttrykk i reglementet for fylkesutvalet.

Derimot føreslår fylkesrådmannen å fjerne kravet om at dei andre sju fylkesutvalsmedlemene skal vere medlemmer av eit hovudutval og at fylkesutvalet skal vere representert i alle hovudutvala med minst ein, men ikkje meir enn to representantar. Det siste vert umogleg å etterleve når det no ikkje er meir enn tre hovudutval, samstundes som det er sju fylkesutvalsmedlemmer som skal vere hovudutvalsmedlemmer.<sup>i</sup>

I tillegg bør setninga om endeleg fråtrede eller varig forfall fjernast. Gjeldande rett er no at fylkestinget skal velje ny medlem, ikkje at varamedlemmen skal rykkje opp. Dette følgjer av kommunelova § 16 nr. 3 og er ikkje naudsynt å reglementfeste.

#### ✓ Til § 4 – Spesielle arbeidsområde

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at samansetninga av finansutvalet og planutvalet, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak 43/15, bør kome til uttrykk her. Den sovande og ukorrekte føresegna om at møta i desse organa alltid skal gå for stengde dører, må fjernast, jf. det som er skrive ovanfor om opne og lukka møte.

Det som står i dagens reglement om miljøvern og byggje- og eigedomssaker, har ikkje lenger relevans og bør fjernast.

#### ✓ Til § 6 – Sakshandsaming

Fylkesrådmannen føreslår ei ny føresegn som viser til reglementet for sakshandsaming i politiske utval. Eg gjer framlegg om tilsvarande føresegn i reglementa for dei tre hovudutvala.

### 3.4 Reglementet for hovudutvalet for næring og kultur, jf. vedlegg 4

Reglementet er nytt, men er likevel nesten identisk med dei gjeldande reglementa for hovudutvalet for kultur og hovudutvalet for plan og næring.

#### ✓ Til § 1 – Val og samansetnad

Fylkesrådmannen føreslår å fjerne setninga om at minst ein og maksimalt to av medlemene skal vere medlem av fylkesutvalet, jf. det som er skrive ovanfor om dette.

#### ✓ Til § 2 – Arbeidsområde

Føresegna har teke opp i seg det som står i § 2 i reglementa for hovudutvalet for kultur og hovudutvalet for plan og næring.

---

<sup>i</sup> I hovudutvalet for samferdsle er det i denne perioden fire fylkesutvalsmedlemmer.

### **3.5 Reglementet for hovudutvalet for samferdsle, jf. vedlegg 5, og reglementet for hovudutvalet for opplæring, jf. vedlegg 6**

Fylkesrådmannen gjer ikkje framlegg om realitetsendringar i desse to reglementa, med unntak av at eg føreslår å fjerne kravet om at minst ein og maksimalt to av hovudutvalsmedlemene skal vere medlem av fylkesutvalet. Bakgrunnen for dette forslaget er omtala ovanfor.

### **3.6 Reglementet for folkevalde sin innsynsrett, jf. vedlegg 7**

Kommunelova § 40 nr. 5 fastset at fylkestinget sjølv skal vedta eit reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er under handsaming. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeidd eit rettleiande normalreglement, som vart utgitt første gong i 1994 og som vart revidert i 2004.

Fylkeskommunen sitt reglement – vedteke i FT-sak nr. 50/95 - er identisk med normalreglementet frå 1994. Endringane i det reviderte normalreglementet frå 2004 vert såleis innarbeidd først no.

#### **✓ Til § 4 – Særskilde reglar for innsyn i opplysningar underlagde teieplikt**

I det gjeldande reglementet heiter det i pkt. 4.2. at «(f)olkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagde teieplikt eller unntatt offentleg innsyn etter reglane i offentleglova». Vidare framgår det at når ei sak vert handsama for stengde dører, «skal det ikkje orienterast eller refererast frå drøftingane med mindre vedkomande folkevalde organ fastset noko anna».

Som gjort greie for ovanfor i pkt. 3.1, til l) Teieplikt, har gjeldande rett sidan årtusenskiftet vore at dei folkevalde berre har teieplikt om opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov. Dei folkevalde kan såleis ikkje påleggjast ei generell teieplikt om opplysningar i dokument som er unnatekne offentleg innsyn etter offentleglova. Dei folkevalde har heller ikkje teieplikt om opplysningar som kjem fram i møte som vert haldne for lukka dører, sjølv sagt med unntak av opplysningar som er underlagde teieplikt etter forvaltningslova § 13.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å endre reglementet slik at det kjem i samsvar med gjeldande rett på området.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser til gjennomgangen over og føreslår at fylkestinget vedtek reglementa slik dei framgår av vedlegg 1 – 7.